



FOLKORG

ÅRSMELDING

2021

Samme Dokumeint.no/okkel: ME0P1-A5IVP-4YMBE-0BFXL-DCX7N-11D00

FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Foto framside: Thor Hauknes (årets folkemusikkfotografi)

Foto bakside: Runhild Heggem

Fotografer: Knut Utler, Thor Hauknes, Liv Anette Nygjerdet, Odd-Inge Larsen, Heidi Furre

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz

Post- og besøksadresse:

FolkOrg
Møllergata 39
0179 Oslo

Nett: www.folkorg.no
E-post: post@folkorg.no
Tlf.: 22 00 56 22

INNHOLD

4 Helsing frå styreleiaren

6 Om FolkOrg

10 Vurdering av måloppnåing

18 Særskilde satsningar for 2021-2023

23 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

23 Kulturpolitisk arbeid

26 Lagsutvikling

28 Tilskotsordningar

30 Arrangørutvikling

32 Utøvarutvikling

33 Kappleikar og festivalar

35 Informasjon

37 Folkemusikk (magasinet)

39 Vedlegg

HELSING FRÅ STYRELEIAREN

Dei to siste åra har vore krevjande for Noreg, og heile nasjonen har verkeleg vorte sett på prøve. Kulturfeltet er ikkje noko unntak, snarare tvert om, og har måtta tole svært strenge restriksjonar som har gjort det nesten umogleg å gjennomføre konsertar eller festivalar. Mange av kulturarbeidarane har mista sitt levebrød, og det vil bli ei vanskeleg oppgåve å få kulturbransjen på beina att. FolkOrg har måtta avlyse både Landskappleiken og Landsfestivalen, ikkje berre ein gong, men to gongar. For dei lokale arrangørane har det vore utfordrande å halde motet oppe og vente på at arrangementa skal kunne gjennomførast.

Det har også vore krevjande for lokallaga å halde hjula i gang, men gjennom dei fire AdventFolk-sendingane i desember fekk vi møte mange dyktige og engasjerte folk rundt om i landet som har makta å halde oppe aktivitetane til ein viss grad, trass i restriksjonar. Det vart ei fin førjulstid og eit triveleg gjensyn med alle dykk som jobbar godt og målretta for folkemusikken og -dansen.

Vi er svært glade for at Sparebankstiftelsens Dextra Musica framleis ønsker å vere ein solid støttespelar i rekrutteringsprosjekta over heile landet. Nytt av året er satsinga FolkleiarUng, eit treårig prosjekt retta mot folkemusikarar frå 15 til 23 år som ønsker å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk utvikling der musikalsk leiing står i fokus.

FolkOrg arbeider kontinuerleg for at folkemusikken og -dansen skal ha sin naturlege plass i det mangfaldige kulturbildet, og utfordrar NRK til å ta sitt samfunnsansvar på alvor. Statskanalen skal spegle mangfaldet, breidda og vitaliteten i norsk musikk-, kunst- og kulturliv. FolkOrg har god kontakt med kulturredaksjonen i NRK og har hatt konstruktive drøftingar om ulike tiltak og satsingar for å få presentert folkemusiksjangeren på fleire og breiare flater.

I ei tid der kulturjournalistikken blir nedprioritert i norske medium, er det ekstra viktig at vi har magasinet Folkemusikk. Folkemusikk løfter viktige problemstillingar og set søkelys på ulike delar av sjangeren. Nytt frå hausten er at vi har fått ei lita ekstra stilling som journalist, som mellom anna sørger for at folkemusikk.no er ein aktuell nyheitskanal for vårt felt.

I 2021 gjennomførte FolkOrg, NU og SFF ei spørjeundersøking blant medlemmene for å kartlegge omfanget av ukultur og seksuell trakassering i vårt miljø. Resultatet av undersøkinga viser at sjølv om miljøet i stor grad vert omtalt som hyggeleg, inkluderande og trygt, har vi eit forbettringspotensial på fleire område. Funna i undersøkinga blir lagde til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle strategiar og tiltak for å sikre trygge miljø. FolkOrg har allereie sett i verk konkrete tiltak mellom anna gjennom tydelege rutinar for varsling og grundig kartlegging av risikofaktorar. Ytterlegare tiltak blir sette i verk i 2022.

I 2021 gjennomførte vi det fyrste digitale landsmøtet i historia, med god deltaking og mange engasjerte og aktive utsendingar. Styret har hatt dei fleste styremøta via Teams og har trass i nedstenging og reduserte aktivitetar behandla like mange saker som tidlegare år. Vi fekk gjennomført eit tilnærma normalt Folkelarm med artistar frå heile Norden, dansefestar og prisutdelingar med publikum til stades i salen. Sist, men ikkje minst fekk vi utnemnt ein ny heidersmedlem i FolkOrg. Varme gratulasjonar til Hilde Bjørkum!

Fråværet av kulturaktivitetar og kulturopplevingar har gjort det ekstra tydeleg kor viktig kultur er for både den fysiske og mentale helsa vår! Eg vel derfor å vere optimistisk med tanke på året som kjem, og gler meg stort til å møte dykk alle på Landskappleiken på Rjukan i juni, i Vågå under Landsfestivalen i gammaldansmusikk i august og på Folkelarm i november.

Eg vil takke styret og administrasjonen for svært godt samarbeid i nok eit krevjande år og rettar òg ein spesiell takk til alle dykk som har bidrege til å halde hjula i gang i folkemusikkens og -dansens teikn i ei svært spesiell tid.

**Med beste helsing,
Hilde Reitan
styreleiar i FolkOrg**



OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret fram til landsmøtet 2021:

Hilde Reitan (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Thor Hauknes (nestleiar)
 Thomas Nilssen (styremedlem)
 Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
 Kristian Ihle Hanto (styremedlem)
 Silje Solberg (styremedlem)
 Ole Erik Feragen (1. varamedlem)
 Helene Høye (2. varamedlem)
 Elin Pehrson Grytting (3. varamedlem)

Styret etter landsmøtet 2021:

Hilde Reitan (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Kristian Ihle Hanto (nestleiar)
 Thomas Nilssen (styremedlem)
 Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
 Torfinn Hofstad (styremedlem)
 Tormod Kleiveland (styremedlem)
 Ole Erik Feragen (1. varamedlem)
 Helene Høye (2. varamedlem)
 Gro Skanke Raattama (3. varamedlem)



Styret i FolkOrg

I meldingsperioden har styret hatt åtte møte, der eitt møte har vore på Victoria Hotell Hamar i samband med landsmøtet, eitt på Anker Hotel i Oslo og resten på Teams på grunn av covid-19-pandemien. Den ekstraordinære situasjonen har kravd fleire møte enn normalt. På møta har styret handsama 70 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver. På grunn av covid-19 har det vore vanskeleg å vitje heidersmedlemmer som har fylt rundt år, vi har derfor sendt blommar med bod til desse.

I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på åtte av ti årsmøte i områdelaga. Eitt møte vart gjennomført fysisk, og ni møte vart gjennomførte digitalt.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Fram til Landsmøtet 2021: Hilde Reitan, Camilla Granlien og Thor Hauknes

Etter Landsmøtet 2021: Hilde Reitan, Camilla Granlien og Kristian Ihle Hanto.

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire møte. Stadig fleire saker blir drøfta med AU per e-post..

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:
Fram til Landsmøtet 2021: Martin Myhr, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Etter Landsmøtet 2021: Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Silje Solberg og Jon Bugge Mariussen.

Fagutvalet har hatt to digitale møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen.

Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar

Referansegruppa for arrangørar har sidan 2019 vore Knut Aastad Bråten (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK).

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4101 medlemmer pr. 31.12.2021. Det er 166 færre enn i 2020. Av desse er 503 barn/unge (t.o.m. 18 år). Det er 58 færre enn i 2020. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2021 hadde FolkOrg:

- 150 lokale medlemslag, det er ein oppgang på eitt medlemslag
- ti områdelag, som i 2020

Arrangørmedlemmer

Pr. 31.12.2021 hadde FolkOrg:

- fire arrangørmedlemmer

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd

- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd
- Balansekunst

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangørar.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysrordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Alliance



HEIDERSMEDLEMSKAPAR

Hilde Bjørkum

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Folkelarm, men det vart offentleggjort på den siste AdventFolk-sendinga i desember. Pr. 31.12.2021 har vi 37 heidersmedlemmer i FolkOrg..

Følgjande heidersmedlemmer gjekk diverre bort i 2021: Jan Petter Blom og Hauk Buen.


ØKONOMI OG REKNESKAP

Fullstendig rekneskap for 2021 ligg ved årsmeldinga. Der finn ein også kommentarar til dei ulike postane.

Det var budsjettert med at vi kunne bruke 550 000 kroner av eigenkapitalen i 2021. Rekneskapen syner at vi berre har nytta 22 000 kroner av eigenkapitalen. Det vil seie 528 000 kroner mindre enn budsjettert. På grunn av pandemien, rakk vi ikkje å sette i gang arbeidet med jubileet, og vi vil nytte dei 250 000 kronene som var budsjettert til dette i 2021 no i 2022. Vidare vart ikkje arbeidet med nye nettsider fullført, og vi har derfor ikkje betalt andre halvdel

av utgiftene til dette. Desse pengane, 119 000 kroner, bør inn i budsjettet for 2022. Dei resterande 159 000 kroner, som ikkje vart nytta, ønskjer styret å sette av til jubileumsfeiringa. Pandemien har framleis gjort arbeidet vårt uføreseieleg, og det har gjort budsjettkontrollen vanskelegare.

Vi har fått totalt 447 240 kroner i gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet, som resultat av tilskot og gåver frå Dextra Musica og Color Line. Det er siste år det blir betalt ut gåveforsterkingsmidlar.



ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekke andre musikkorganisasjonar. I 2021 har administrasjonen i stor grad hatt heimekontor.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for lokallag, arrangørar og meisterkonsert
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen, lokalkappleikar og rekrutteringsprosjekt
Johanne Flottorp	20 % stilling som skribent/journalist i Folkemusikk frå 1. september

I tillegg var Anne Nilssen tilsett i 40 prosent stilling frå 01.01. til 30.06.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk. Dessutan har vi til saman 0,3 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølvstilt ei rekke andre oppgåver som tar mykje tid, men som

ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon.



Administrasjonen i FolkOrg

VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt. Også 2021 vart eit heilt spesielt år – kulturlivet har vore særskilt hardt ramma av konsekvensane av covid-19-pandemien. Derfor har både arrangement og øvingar i stor grad vore avlyste. Dessutan måtte administrasjonen i stor grad prioritere om på oppgåvene våre. Måloppnåinga må sjåast i samanheng med det.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG SKAL STÅ STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.


Målemetodar

Tal på søknader om å arrangere LK og LF:

Arrangement	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Landskappleiken	1	2	1	2	0	2	1	1	1	1	1	1	1
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	1	1	1	3	1	1	1	1	1	1	1	1	0


*) På grunn av pandemien og avlysing av arrangementa i 2020 og 2021 har vi måtta skyve på arrangørstadene, og vi har derfor sett inn dei åra der vi har arrangørar. Vi har ikkje hatt noka ny utlysing.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar




Deltaking på Landskappleiken

■ Deltakarar ■ Innslag




*) På grunn av covid-19-pandemien måtte både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk avlysast i 2020 og 2021.

Økonomisk resultat - Landskappleiken




Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

■ Deltakarar ■ Innslag




Økonomisk resultat - Landsfestivalen i gammaldansmusikk




Musikkens studieforbund

■ Tal på studietimar i lokallag hos FolkOrg




Musikkens studieforbund

■ Tilskot til lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon

■ Tal på søknader frå lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon

■ Tilsegnssum fra Norsk musikkråd til fordeling i lokallag i FolkOrg




Tal på søknader – Rekrutteringsstønad frå FolkOrg




*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning

Tal på søknader – Momskompensasjon



Søkjalar til INTRO-folk

Det har ikkje vore INTRO-folk i 2021




Aktivitetsstøtte

Aktivitetsstøtte	2021
Tal på søknader	37

Ny ordning frå 2021 som følgje av covid-19

Billettsal Folkelarm



*Folkelarm vart arrangert digitalt i 2020 utan publikum eller delegatar fysisk til stades. Det vart selt 104 billetter, og det vart brukt 55 gratisbilletter. Totalt var det 159 som såg sendinga i heile perioden på to veker.

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt»

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt»:

Dessverre har pandemien prega 2021 også. Det har derfor framleis vore krevjande å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans. Heldigvis vart det litt opning på våren, sommaren og ei stund på hausten. Det gjorde til at det vart meir aktivitet i 2021 enn i 2020. Det ser vi mellom anna på at det vart arrangert seks lokalkappleikar i 2021, mot tre i 2020. Fleire har også søkt Frifondmidlar enn i 2020, men færre søkte momskompensasjon og rekrutteringsstøtte. Det var stor interesse kring den nye aktivitetstøtta FolkOrg etablerte for å få opp att aktiviteten.

Når vi ser på utviklinga av talet på studietimar, så har det gått ned med 38,6 % sidan siste normalår – 2019. Det er ein noko større nedgang

enn gjennomsnittet, men om lag på same nivå som andre organisasjonar med større lag. Organisasjonar med små grupper og band har hatt mindre nedgang, fordi det har vore enklare for dei å ha øvingar. Dette er ein tydeleg konsekvens av pandemien

Nedgangen i tilskot var berre på 6,7%. Det var ein nedgang på 30% i talet på studietimat i Musikkens studieforbund, difor kunne dei betale ut ein større timesats hausten 2021. Nedgangen i tilskot samsvarar difor ikkje med nedgangen i studietimar.

FolkOrg har i 2021 jobba aktivt med rutinar, retningsliner og anna for å sikre at miljøet blir opplevd som trygt og inkluderande. Sjå meir under særskilde satsingar.


FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetode

Tal på abonnentar av bladet Folkemusikk



*) Folkemusikk var ein del av innkjøpsordninga for bibliotek fram til og med 2019. Ordninga vart avvikla frå 2020. Det førte til ein nedgang på 411 abonnement. Frå 2021 er vi med i ei subsidiert ordning for abonnement til bibliotek.

Då covid-19 førte til at både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyste, nytta FolkOrg høvet til å lage meir innhald på nett for å fremje sjangeren. Vi laga mellom anna ei strøymesending på fire episodar, kalla AdventFolk. Sjå meir om desse tiltaka under «Informasjon».


FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

Indikatorar på oppnåing av målet:


- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar


Tal på medlemmer totalt



Tal på medlemmer



Tal på lag i FolkOrg



Kvalitative vurderingar:

- Vi har arbeidd for å få inn informasjon frå ulike medlemsgrupper i samband med arbeid for å få på plass kompensasjonsordningar for kulturfeltet under pandemien. Svarprosenten frå medlemmene kunne med fordel vore høgare.
- Vi har vore aktive når det gjeld å levere høyringsinnspel og deltaking i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Musikkindustriens næringsråd og Balansekunst. Det har vore ekstra viktig å arbeide saman i slike samarbeidsforum no under pandemien. Det er viktigare å få på plass gode løysingar saman, enn at kvar enkelt organisasjon skal bli profilert.
- Vi arrangerte debatt under Kulturytring Drammen saman med resten av Arrangørforum.
- Vi var medarrangør for ein av debattane i hovudprogrammet under Arendalsuka, og arrangerte i tillegg ein debatt saman med Arrangørforum, Creo og Vossa Jazz.
- Saman med fleire andre har vi arrangert debatt om statsbudsjettet.
- Vi har vore aktive deltakarar på ei rekke møte, seminar og debattar. Mellom anna har vi deltatt og sendt innspel til arbeidet med å bygge opp att kulturlivet etter pandemien. Arbeidet er leia av Norsk kulturråd og Norsk filminstitutt.
- Det har vore vanskelegare å vere synleg i ei tid der ein ikkje kan møtast fysisk.
- FolkOrg har hatt ein nedgang på 166 medlemmer samanlikna med 2020. Talet på barn og unge har gått ned med 58. To år med pandemi og restriksjonar gjev no negative resultat i medlemstala. Det har vore to år utan landskappleik og landsfestival i gammaldansmusikk, og to år der det har vore vanskeleg å ha øvingar og dansearrangement der folk kan møtast. Både lokalt og nasjonalt er det jobba mykje for å halde oppe interessa og aktiviteten, men vi har likevel fått ein nedgang.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2021–2023

LAG OG MEDLEMMER	INFORMASJON / FORMIDLING / DOKUMENTASJON
<ul style="list-style-type: none"> • Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet. • Utarbeide og gjennomføre prosjektet "FolkLeiarUng". • Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning. • Arbeide for at folkemusikk-og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle. • Utarbeide ei ressurside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge ei større markering av at FolkOrg / Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023. • Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid. • Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre.
FOLKEDANS	UTØVARAR OG ARRANGØRAR
<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement. • Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar. • Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans. 	<ul style="list-style-type: none"> • Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar • Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren. • Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.
KULTURPOLITISK ARBEID	
<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv. • Stø opp om arbeidet for å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva. • Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren. • Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur. 	

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Lag og medlemmer

Dextra-satsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjekta.

Dextra Musica har sidan 2016 gjeve FolkOrg økonomisk støtte til rekrutteringsarbeid for barn og unge. I 2021 fordelte FolkOrg midlar til 20 ulike rekrutteringsprosjekt fordelt over store delar av landet. I 2020 søkte FolkOrg også Dextra Musica om støtte for perioden 2021–2023 og fekk innvilga heile 5,4 millionar kroner i støtte. Noko av midlane går til eit nytt treårig rekrutteringsprosjekt med namnet «FolkeiarUng», som starta opp hausten 2021.

FolkOrg inviterer årleg til seminar om rekruttering. I år vart seminaret arrangert 25. november i samband med Folkelarm på Riksscenen i Oslo. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i, rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans. Hovudfokusa på årets seminar var samarbeid mellom lokale spel- og dansarlag og kulturskular, skule og SFO som opplærings- og rekrutteringsarena, korleis skape rekrutteringsprosjekt som varar, og læringsmateriale for folkemusikkopplæring.

Utarbeide og gjennomføre prosjektet «FolkeiarUng»

Prosjektet FolkeiarUng starta opp hausten 2021 og rettar seg mot folkemusikarar i alderen 15–23 år som ønsker å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tar sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk utvikling, der musikalsk leing står i fokus. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Prosjektet er òg meint å vere eit bidrag til spelemannslaga, i form av å gje dei eldre ungdommane eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelinga og aktiviteten i laga. Instruktørane Vegar og Kristoffer følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande spelemannslaga mellom samlingane. I prosjektåret 2021/2022 er det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag,

fordelt på hovudinstrumenta fele, hardingfele, trekkspel, song og fløyter. FolkeiarUng er i første omgang eit treårig prosjekt som går fram til våren 2024. Prosjektet er finansiert av støtte frå Dextra Musica.

Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning.

Aktivitetstilskot er ei tilskotsordninga oppretta av FolkOrg i 2021, der hovudmålet var å stimulere til lokal aktivitet i heile landet og oppmode medlemmer og lag til å søke om tilskot til både små og store aktivitetar. Den totale potten er på 300 000 kroner. Denne ordninga blir vidareført til 2022, og det tidlegare tilskotet til Danseaktivitet blir no ein del av den nye tilskotsordninga. Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

FolkOrg ønsker å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralledet og lokallaga og byrja i 2021 med eit digitalt tilbod vi har kalla Lokallagskaffi. Vi ønsker at dette skal vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi både informerer medlemmene våre om nyhende og relevant informasjon, i tillegg til at lokallaga kan utveksle erfaringar, stille spørsmål og informere om sin aktivitet.

Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle.

FolkOrg har gjennom 2021 hatt eit tett samarbeid med Balansekunst om tiltak for førebygging av seksuell trakassering i folkemusikk- og folkedansmiljøet. FolkOrg har gjennomført kursing i administrasjonen og styret. Administrasjonen har oppdatert retningslinene mot seksuell trakassering, utarbeidd varslingsrutinar og gjort ei grundig kartlegging av risikofaktorar i ulike delar av organisasjonen. Hausten 2021 gjennomførte vi ei

spørjeundersøking saman med NU og Sff med mål om å kartleggje omfanget av grenseoverskridande åtferd i løpet av dei siste fem åra.

Arbeidet som FolkOrg la ned i 2021, førte til at vi i november oppnådde balansemerket «Balansekunsts merkeordning mot diskriminering og seksuell trakassering i kulturlivet». Balansemerket er ikkje ein diplom etter avslutta løp, men blir delt ut for å synleggjere eit pågåande samarbeid og eit arbeid som er i gang. Arbeidet gjennom det siste året har lagt grunnlaget for ein vidare handlingsplan for 2022. Den inneheld mellom anna informasjonsarbeid internt i organisasjonen, der vi skal informere tydeleg om retningslinene og rutinane våre for varsling. Lokallaga, arrangørar og enkeltmedlemmer

blir oppmoda om å sette temaet på dagsordenen og gjennomføre Balansekunsts nettkurs, og vi vil lage ein kampanje for å auke bevisstgjeringa kring problemstillinga. I løpet av 2022 skal vi òg etablere eit system med verneombod i organisasjonen.

Utarbeide ei ressurside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar.

Vi held på med eit større omstillingsarbeid av alle nettsidene i FolkOrg. I 2021 vart vi nesten ferdige med nettsidene for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Ressurssida for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar er ein del av neste trinn i omstillingsarbeidet, og vi arbeider vidare med den utover i 2022.

Informasjon / formidling / dokumentasjon

Planlegge ei større markering av at FolkOrg/ Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023.

Vi har søkt om at 2023 skal få offisiell status som Folkemusikkens og folkedansens år, men fekk avslag. Vi klaga på avgjersla, men fekk ikkje medhald. Vi søkte gjennom driftstilskotssøknaden vår om å få ekstra midlar til planlegging og gjennomføring av jubileet vårt, men fekk ikkje tilsegn om det for 2022. Det var ekstra vanskeleg å få møte med kulturministeren under pandemien, og i eit valår var det også ein periode der vi venta til ny regjering var på plass. Når det er sagt, så har vi lagt gode planar for jubileet, som vi no arbeider vidare med. Vi lyste ut og fekk tilsett prosjektleiari for jubileumsåret hausten 2021, og Ann Helen Erichsen byrja i 40 % stilling frå 1. januar 2022. Tidleg i januar 2022 hadde vi også eit positivt møte med statssekretæren i Kulturdepartementet, Odin A.A. Bohmann.

Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid.

Informasjonsstrategien er ein del av omstillingsarbeidet for både nettsider, sosiale medium og anna informasjonsarbeid i FolkOrg. Vi arbeider kontinuerleg med strategiutvikling i samband dette.

Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre.

I løpet av vinteren 2022 skal vi publisere nye nettsider for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Samstundes held vi på med omstilling og oppgradering av nettsidene til Folkemusikk og FolkOrg. Desse to siste nettsidene er meir omfattande når det gjeld omfang. Vi tar sikte på å ha kome langt i dette arbeidet i 2022.

Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar deltaking i samrådsmøte for folkedans saman med mellom andre NU, SFF, Riksscenen og dei ulike dansekompania og utdanningsinstitusjonane. Hovudmålet til samrådsmøtet har dei siste åra vore å arbeide for å etablere ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Vi ser no resultat av dette arbeidet, då scenisk folkedans blir etablert som eit tilbod på USN avdeling Rauland frå hausten 2022 eller 2023 – avhengig av finansiering. Om bachelorutdanninga ikkje kan starte frå hausten 2022, vil det truleg likevel bli mogleg å ta enkeltemne.

FolkOrg arrangerte seminar under Folkelarm saman med NU og Senteret for folkemusikk og folkedans

med tema «Kva har skjedd i mangfold på scenen for folkedans?» med Margrete Kvalbein, Ådne Kolbjørnshus og Torill Steinjord i panelet.

Den tidlegare støtteordninga til dansearrangement vart frå 2021 ein del av ordninga Aktivitetstilskot. Tildelinga var på 300 000 kroner, og av desse vart rundt 100 000 kroner delte ut til aktivitetar og arrangement som inneheldt dans.

Utøvar katalogen folkartist.no er framleis under utarbeiding, og katalogen skal også innehalde ei oversikt over instruktørar.

Utøvarer og arrangørar

Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar.

Arbeidet med portalen folkartist.no held fram og blir ferdigstilt i 2022.

Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren.

Vi har ei arbeidsgruppe som jobbar med problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag

for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Vi har hatt nokre møte i gruppa. Arbeidet held fram i 2022.

Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.

Dette arbeidet har ikkje vore prioritert til no.



Kulturpolitisk arbeid

Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv.

Vi løftar problemstillinga i relevante høyringar og møte. Etter ein idé frå Arrangørforum har regjeringa no tatt med i Hurdalsplattformen at dei skal satse på regionale kulturfond.

Stø opp om arbeidet med å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva.

Dette arbeidet har ikkje vore prioritert til no.

Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren.

Dette arbeidet har ikkje vore prioritert til no.

Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur.

Gjennom det internasjonale nettverket vårt har vi diskutert ulike prosjekt. Både Showcase Scotland og


English Folk Expo ønsker å ha oss som partner. Dette må vurderast ut frå marknadsverdi og kostnad. Mest aktuelt er nok Showcase Scotland i 2024.

På Folkelarm har vi hatt eit delegatprogram for norske og internasjonale delegatar. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane, og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm.

I innspelet til SV om kulturforvaltning løfta vi det problemet at internasjonal kulturutveksling mista ein særst viktig aktør då Rikskonsertane vart nedlagde.

Vi har hatt møte med Music Norway der vi saman skal sende søknad om eit fireårig prosjekt for å satse på eksport av norsk folkemusikk og folkedans.

Vi har løfta arbeidet med eksport av kultur i høyring i Utanriks- og forsvarskomiteen på Stortinget.



ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Dessverre er det slik at det kulturpolitiske arbeidet i FolkOrg også i 2021 har vore sterkt prega av kompensasjons- og stimuleringsordningar til kulturfeltet som ei følge av covid-19-pandemien. Men også andre saker har fått plass:

Strategi for folkemusikk og folkedans

Den førre regjeringa tok i 2020 initiativ til å sette i gang arbeidet med å lage ein strategi for folkemusikk og folkedans. Feltet brukte mykje tid på å legge grunnlag for og skrive grundige innspel til denne strategien. Dessverre gjorde pandemien at arbeidet vart nedprioritert i Kulturdepartementet, og etter regjeringsskiftet har vi førebels ikkje fått signal om at dei vil ferdigstille det arbeidet. Det er synd, men prosessen gav oss god kunnskap, og innhaldet i innspelet vårt er særns nyttig i det kulturpolitiske arbeidet vårt vidare.

Arbeid knytt til covid 19-pandemien

Kulturlivet har vore hardt ramma av pandemien, og det har vore viktig å kjempe kulturpolitisk både for gode kompensasjons- og stimuleringsordningar, og mot restriksjonar som blir urimelege. Kulturlivet generelt, men musikkfeltet spesielt, har gjennom pandemien i stor grad vore opptatt av å vere samkøyrte om budskapet. Det har vore viktigare enn å synleggjere enkeltorganisasjonar. Det har også vore viktig for FolkOrg, og om vår organisasjon ikkje er så synleg i media, så er det fordi vi har jobba i bakgrunnen saman med dei andre. FolkOrg har arbeidd med dette gjennom Norsk musikkråd, Musikkindustriens næringsråd, Creo, Kulturalliansen, Norske konsertarrangører og Frivillighet Norge. Vi har sendt fleire innspel til forskrifter, tilskotsordningar og råd om gjenoppbygging av kulturlivet etter pandemien, både frå oss åleine og saman med andre.

Samarbeidet mellom musikkorganisasjonane har vorte mykje sterkare gjennom pandemien, både den

frivillige og den profesjonelle delen. Vi kan mellom anna nemne at samarbeidet i Musikkindustriens næringsråd har fått ei betre form og større hyppigheit enn tidlegare.

Det har også vore viktig for oss å bringe informasjon om restriksjonar, rettleiarar og tilskotsordningar vidare til medlemmene våre.

Statsbudsjettet

Vi leverte innspel til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I høyringsmøtet tok vi opp dette både skriftleg og munnleg:

- Vi bad om tilskot til å planlegge og byrje arbeidet med Folkemusikkens og folkedansens år – FolkOrgs 100-årsjubileum.
- Vi bad komiteen oppmode den nye regjeringa om å halde fram arbeidet med strategi for folkemusikk og folkedans.
- Vi bad om full og regelstyrt momskompensasjon til frivillige lag og foreiningar. Der ser det ut til at eit samla frivillig felt har lukkast når regjeringa no tok det med i si regjeringsplattform. Det vart full kompensasjon alt frå rekneskapsåret 2021.
- Vi bad om at Norsk kulturfond må styrkast slik at nye og fleire aktørar kan få tilskot, eksisterande tiltak kan utviklast, og at det blir tatt omsyn til pris- og lønnsvekst i tildelingane. Regjeringa la inn ein auke på 20 millionar kroner til Kulturfondet og 1,8 millionar kroner til Fond for lyd og bilde.
- Vi bad om ein merkbar auke i talet på kunstnarstipend. Den førre regjeringa hadde gjort framlegg om ein auke på 20

kunstnarstipend, og den nye regjeringa la på ytterlegare 100 stipend slik at det samla vart ein auke på 120 kunstnarstipend. Det er eit godt steg i rett retning, men samstundes er også trongen for kunstnarstipend generelt stor, men særleg på grunn av konsekvensane pandemien har hatt for kunstnarar og særskilt musikarar og frilans scenekunstnarar.

- Vi bad om at det blir sett av eigne midlar til kompensasjons- og stimuleringsordningar også i 2022 for å sikre at kulturlivet kjem på fote att. Perioden for ordningane vart utvida, nokre av dei fram til juni 2022.
- Under temaet tildeling av spelemidlar til kulturformål oppmoda vi Familie- og kulturkomiteen om å gå gjennom og rydde i kva som skal finansierast over kulturen sin del av speloverskotet. Dessutan bad vi komiteen om å styrke Kulturrom (tidlegare Musikkutstysordninga) med ytterlegare 20 millionar kroner for å kunne finansiere det utvida mandatet utan at det skal ut over det rytmiske musikkfeltet.

I tillegg til å levere eige innspel til statsbudsjettet leverte vi også innspel saman med Arrangørforum. FolkOrg var ansvarleg for å legge det fram for komiteen. Fleire av punkta var dei same som FolkOrg sine, det gjeld momskompensasjon, styrking av Norsk kulturfond, kompensasjons- og stimuleringsordningar også i 2022 og punktet om speloverskot. Men i tillegg sende Arrangørforum dette punktet:

Kap. 320: Mål og strategier

Vi merker oss at navneendringen av Kulturrådets administrasjon til Kultur Norge skal legges frem i Stortinget og vedtas som en endring i lov om Norsk kulturråd. En navneendring kan være ryddig for å avklare Kulturrådets ulike linjer. Arrangørforum mener imidlertid det først bør gjøres en mer helhetlig gjennomgang av loven om Norsk kulturråd, både med tanke på Kulturrådets rolle og mandat (inkludert en avklaring om hvorvidt Kulturrådet er et direktorat) og prinsippet om armlengdes avstand.

FolkOrg leverte i tillegg innspel til Utanriks- og forsvarskomiteen saman med Norsk jazzforum. Der la vi vekt på at det no er ein sterk trong for å hjelpe musikk- og kulturfeltet med eksportsatsing etter to år med pandemi. Arbeidet med ein internasjonal strategi for kulturpolitikken må ta omsyn til det. Konkret bad vi komiteen om å auke tilskotet til Music Norway med om lag 12 360 000 kroner, og tilskotet til kultur- og informasjonsformål i UD sitt budsjett med om lag 30 millionar kroner. Regjeringa auka posten til eksport av kultur med 30 millionar kroner.

I tillegg til å sende innspel og vere til stades på høyringane på Stortinget arrangerte vi debatt om kulturbudsjettet saman med Arrangørforum og Kulturrom.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- Ulike kompensasjons- og stimuleringsordningar for kulturfeltet som ei følge av covid-19-pandemien.
- Barne- og ungdomskulturmeldinga
- Kulturstrategien for Innlandet
- Gjennoppbygging av kulturfeltet etter pandemien.
- Sosialistisk Venstreparti sitt framlegg til ny kulturforvaltning, der vi støtta framlegget og samtidig tok opp kva vi har mista etter at Rikskonsertane internasjonalt vart lagde ned. Høyringa her vart send saman med Norsk jazzforum.

Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arrangerte debatten: «Samarbeid mellom musikkorganisasjoner – hva har pandemien lært oss» i samarbeid med Arrangørforum.
- Vi arrangerte to debattar under Arendalsuka, den eine saman med Arrangørforum, Creo og Vossa Jazz: «Musikk sett i system» som eit oppspark til å få ein full gjennomgang av musikkfeltet. Den andre var ein del av hovudprogrammet, der Arrangørforum, saman med Norsk kulturråd, vart inviterte til å stå for debatten: «Når kulturen kommer tilbake».
- Vi har saman med samrådsmøtet for folkedansen lagt planar for korleis vi skal overtyde politikarane om å finansere ei utøvande bachelorutdanning i folkedans.
- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv.
- Vi har vore aktivt med på møte i andre organisasjonar og nettverk som vi er med i, som til dømes Musikkindustriens næringsråd, Norsk musikkråd (her sit også dagleg leiar i FolkOrg i styret), Krafttak for sang (her er nestleiar i FolkOrg, Camilla Granlien i styret), Arrangørforum (her er dagleg leiar i FolkOrg med i kulturpolitisk utval), Kulturalliansen, Frivillighet Norge og Balansekunst.
- Vi har hatt god kontakt med NRK der vi har jobba for å få meir folkemusikk og folkedans i deira kanalar. Det har mellom anna ført til at dei no planlegg tv-serien «Historia om norsk folkemusikk», som skal bli sendt i jubileumsåret 2023.



LAGSUTVIKLING

Informasjonsarbeid

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

Lokallagskaffi

FolkOrg ønsker å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga. Av praktiske omsyn ville vi ha ein digital møtestad for medlemmene våre, og i juni 2021 arrangerte vi derfor digital lokallagskaffi for første gong. Lokallagskaffien går føre seg på Teams, og det er i hovudsak tillitsvalde i lokallag og områdelag som er inviterte. Vi ønsker at dette forumet kan vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi både informerer medlemmene våre om nyhende og aktuell informasjon, i tillegg til å få høyre om korleis det står til i dei ulike laga.

Koronapandemien

Dei to siste åra er det lagt ned mykje arbeid i å samle relevant informasjon kring covid-19-pandemien for det frivillige feltet og å vidareformidle dette til lokallaga og medlemmene våre. For FolkOrg har det vore viktig å følgje med på informasjon om blant anna smittevern kring lagsøving, støtteordningar, opplærings situasjonar, konsertarrangering og arrangementsgjennomføring.

All denne informasjonen har vore samla på ei eiga korona-side for lokallag på FolkOrg sine nettsider. Dette har vore eit kontinuerleg arbeid som har gått føre seg frå mars 2020, og som framleis er like aktuelt. Andre relevante arbeidsområde har vore rådgjeving om arbeidet i lokallag/områdelag, søknadsskriving og støtteordningar, rekruttering, interne utfordringar og mykje meir.

Årets lokallag

I samband med AdventFolk i desember 2021 vart prisen til årets lokallag delt ut for tiande gong.

Lokallaga er ryggrada i organisasjonen og syner stor aktivitet, og det er mange lag som fortener heider for arbeidet sitt med folkemusikken og folkedansen. FolkOrg ønsker å løfte fram det gode arbeidet som lokallaga gjer gjennom mellom anna å dele ut prisen for «årets lokallag». Dei nominerte til prisen for årets lokallag 2021 i FolkOrg var: Bærum Spelemannslag, Juniorspelemannslaget i BUL Ervingen og Gransherad spel- og dansarlag. Alle desse laga har gjennom mange år gjort eit solid arbeid i laget gjennom rekrutteringsarbeid, arrangement og godt frivillig arbeid.

Vinnaren av årets lokallag får 20 000 kroner, og i 2021 var det Bærum Spelemannslag som fekk tildelt denne prisen. Laget fekk prisen mellom anna på grunn av det gode arbeidet dei gjer for å halde oppe eit aktivt og inkluderande spelemannsmiljø i Bærum og Oslo-området, mange års god rekruttering, og for å vere eit framoverretta lag som stadig er i utvikling.

Bærum Spelemannslag er eit hardingfelelag stifta i 1993 og har sidan starten vore eit lag for alle, der alle kan ta med seg musikken frå der dei kjem frå og lære musikk frå heile landet. Sidan starten av pandemien i 2020 har Bærum Spelemannslag lagt ned mykje arbeid i å finne kreative måtar å halde aktiviteten oppe på, trass i at det tidvis har vore vanskeleg å møtast. Dei har mellom anna hatt digitale samspelsprosjekt som både har vore miljøskapande, og som sidan har blitt nytta til opplæring.

Styret i laget har det siste året sett i gang ei stor satsing på digitalisering og ny digital profil for laget, der eit av måla er å nytte den nye digitale plattformen til rekruttering, samtidig som dei ønsker å vere til inspirasjon for andre lag og foreiningar.

Besøke lokallag og områdelag

Normalt blir fleire av årsmøta i områdelaga lagde til regionale kappleikar og liknande arrangement, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Både i 2020 og i 2021 har den pågåande pandemien gjort det utfordrande å gjennomføre årsmøte og arrangement fysisk. Nokre av årsmøta i områdelaga har vorte gjennomførte digitalt, medan andre har vorte gjennomførte fysisk. Det har på grunn av pandemien ikkje vore like lett å besøke lokallag og

områdelag slik som ved normale tilhøve. Sjølv om det har vore utfordrande å planlegge og gjennomføre arrangement og kappleikar, har det tidvis vore høg aktivitet og kreative, alternative arrangement rundt omkring i miljøet i løpet av heile 2021.

I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på åtte av ti årsmøte i områdelaga. Eitt møte vart gjennomført fysisk, og ni møte vart gjennomførte digitalt.

→ Vedlegg: Oversikt over representasjon på årsmøte i områdelag 2021



TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søke momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2021 fekk FolkOrg inn 38 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad på 1 045 586 kroner med godkjende driftsutgifter på 13 827 080 kroner (inkludert sentralleddet). Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på 581 735 kroner, Valdres folkemusikkarrangement AS 164 434 kroner, områdelaga (3 lag) 55 490 kroner og lokallaga (45 lag) 244 207 kroner. Til saman var kompensasjonen på 1 045 866 kroner (inkl. sentralleddet).

→ Vedlegg: Oversikt over momskompensasjon 2021

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2021 tilsegn om 576 370 kroner til utdeling gjennom Frifond organisasjon, ein organisasjon frå Norsk musikkråd. Det kom inn 23 søknader, og 20 søkarar fekk innvilga støtte.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond organisasjon 2021

Aktivitetstilskot

På grunn av pandemien har mange faste folkemusikk- og folkedansarrangement vorte avlyste i både 2020 og 2021. Dette gjeld både Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, lokale og regionale kappleikar og andre tilstellingar og arrangement. FolkOrg oppretta derfor i 2021 ei ny tilskotsordning der hovudmålet var å stimulere til lokal aktivitet i heile landet, og oppmoda medlemmer og lag om å søke om tilskot til både små og store aktivitetar. Den totale potten var på 300 000 kroner, og ordninga vart lyst ut i mars 2021 med frist medio april. Det vart i hovudsak oppmoda om å søke til arrangement i perioden mai-oktober. Det kom inn totalt 37

søknader med ein samla søknadssum på 686 857 kroner. 29 av dei 37 søknadene fekk innvilga støtte. Denne ordninga blir vidareført til 2022, og det tidlegare tilskotet til danseaktivitet er no ein del av denne tilskotsordninga.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av Aktivitetstilskot 2021.

Rekrutteringsstøtte

Gjennom FolkOrg si rekrutteringsstøtteordning blir det årleg delt ut pengar til særskilde rekrutteringstiltak i FolkOrg sine lokallag. Søkarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga. I 2021 kom det inn 12 søknader, der alle fekk innvilga støtte. Det vart delt ut totalt 100 000 kroner.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta 2021

Gnist-prisen

Gnist-prisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring i folkedans for barn og unge. Gnist-prisen er på 15 000 kroner og skal delast ut årleg. Formålet med prisen er å støtte lag som jobbar aktivt med å skape eit godt læringsmiljø blant barn og unge som dansar folkedans.

Gnist-prisen blir vanlegvis delt ut på Landskappleiken, men sidan Landskappleiken 2021 vart avlyst, vart prisen heller ikkje delt ut i 2021. FolkOrg har i samråd med Gnist-fondet vedtatt å utsette utdelinga av Gnist-prisen 2021 til 2022.

Rekrutteringsprosjekt gjennom Dextra Musica

FolkOrg har sidan 2016 fått midlar frå Dextra Musica til å stø opp om større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. Eit av hovudmåla med denne støtteordninga er å hjelpe i gang solide rekrutteringsprosjekt som fører til varige tilbod. Prosjekta som får tildelt midlar, må derfor ha ein tydeleg intensjon om langvarig aktivitet og ein plan for vidare drift etter at støtta frå FolkOrg og Dextra Musica er avslutta. Støtta som FolkOrg får frå Dextra Musica, varar i denne omgang ut 2023.

I 2021 fekk desse 20 rekrutteringsprosjekta støtte:

- FolkemusikkUNG i Valdres
- Folkrekrutt (Gudbrandsdalen)
- Fuglen (Stavanger)
- Bølingen (Akershus og Oslo)
- Arvtakerne (Porsanger)
- Raudan Gull (Møre og Romsdal)
- Morgondagens spelemenn
- SPREK! (Hedmark)
- Ung Halling (Hallingdal)
- Folk-verksted Buskerud
- Kulturverkstad:FOLK (Målselv)
- Spelemannslaget Laust og Fast (Skaun kommune og omegn)
- Gorrlaus (Setesdal)
- OsterFolk (Osterøy)
- TrønderTakt (Steinkjer/Trøndelag)
- HardingFolk (Hardanger)
- Polsdans mot Bodø 2024
- UngFolk Gjøvik
- Folkedans for barn med minoritetsbakgrunn (Midt-Telemark)
- Lausdans og Hallingkast (Voss)



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Vi har hatt kontakt både fysisk og på telefon og e-post med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen. Det har blitt lagt ned mykje arbeid i å vere oppdatert på korleis covid-19-pandemien påverkar kulturbransjen og arrangørfeltet og i å vidareformidle dette til medlemsarrangørane våre. All denne informasjonen har vore samla på ei eiga korona-side for arrangørar på FolkOrg sine nettsider. Dette har vore eit kontinuerleg arbeid som har gått føre seg frå mars 2020, og som framleis er like aktuelt, så lenge den pågåande pandemien er med på å prege kulturbransjen.

Gjennom nettstaden folkorg.no, e-post og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert annan aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane. I samband med Folkelarm 2021 vart det arrangert nettverksmøte for folkemusikkarrangørar. Vi ser at dette er ein viktig møteplass for arrangørfeltet, og ønsker derfor å bidra til møteplassar og relevante seminar.

Vi arbeider vidare med spørsmålet om å formalisere folkemusikkarrangørar som medlemmer i FolkOrg. Det er eit viktig ledd i arbeidet vi gjer for folkemusikkarrangørane, og det kan vere spesielt nyttig for dei små heilårsarrangørane.

Referansegruppa for arrangørar var i 2021 Knut Aastad Bråten (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK).

Årets folkemusikkarrangør

Prisen for årets folkemusikkarrangør har vorte utdelt av FolkOrg sidan 2012 og skal synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet.


Dei nominerte folkemusikkarrangørane for 2020 var Heme dine, Rudi Gard og TrondheimFOLK. Vinnaren av årets pris vart Heme dine, og prisen på 20 000 kroner vart delt ut under Folkelarmprisen torsdag 25. november 2021.

Heme dine blir arrangert på Lillerøåsen i Engerdalen og har sidan starten i 2016 opparbeidd seg eit godt renommé og ein solid publikumsbase. Festivalen er driven av unge og motiverte festivalarbeidarar, og viktige stikkord for arrangementet er innovative kulturopplevingar, store musikkopplevingar, friluftsliv, kurs, konsertar og dans. I tillegg til meir kjende artistar tar festivalen også den lokale kulturen med inn i programmet, både i form av mat, musikk, dans og natur.

Heme dine arrangerer òg sommarleir for barn og unge. Sommarleiren deira er ein møtestad der barn og unge får moglegheit til å møte andre med same interesse. Leiren tilbyr opplæring innanfor både friluftsliv, instrument, song og dans, og dei som deltar, får oppleve både natur og kultur i lag. Friluftsliv og natur har òg ei sentral rolle i festivalen, og dette set sitt preg på fleire ledd i festivalen i form av til dømes kurs, fjellturar og foredrag.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk kulturhus. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverking på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. I 2021 har medlemmene i Arrangørforum hatt jamleg dialog i samband med blant anna støtteordningar og kompensasjonsordningar for kulturfeltet kring covid-19-pandemien. Arrangørforum har deltatt på Arendalsuka og var i samband med dette involvert i planlegginga av to debattar. I tillegg hadde Arrangørforum ein debatt under Kulturytring Drammen.



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om kompensasjonsordningar, relevante kurs og søknadsfristar for feltet og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melde seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere vanlege FolkOrg-medlemmer. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving. Det er 240 registrerte yrkesutøvarar pr. 31.12.21.

Seminar på Folkelarm 2021

Dette var seminarprogrammet under Folkelarm:

- Rekrutteringseminar – FolkOrg
- Mangfold på dansescena – SFF, NU og FolkOrg
- Mangfold og innovasjon – Marte Wilhelmsen Solheim
- Det privilegerte ubehaget – Thomas Michael Walle
- Publikumsutvikling og mangfold – Marit Stokkenes
- Folkemusikk-kritikk 2021 – Kultivator/
Folkemusikk/Ballade

- Frilansfrokost – Greit eller ugreit? Om trakassering og varsling – MØST/CREO/Samspill/Balansekunst
- Communication and marketing via social media – Sirpa Lahti/Maetka
- Korleis styrke folkemusikkarrangørane i Noreg? – FolkOrg/Riksscenen
- The Folk Music Podcast – Anders Lillebo

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet «Yrkesutøvarar i FolkOrg» for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarende forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde to nett-møte i 2021. Medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via nett-møte, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er no Silje Solberg, Jon Bugge Mariussen og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Anna arbeid

Administrasjonen har deltatt på seminar på WOMEX og by:Larm for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane.



KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyste i 2021 grunna covid-19. Avgjersla vart tatt av FolkOrg i samråd med dei lokale arrangørane for arrangementa. Dette er andre året på rad at Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk blir avlyste.

Lokal arrangør for Landskappleiken var Falkeriset Folkemusikklag, Tinn spelemannslag, Gransherad Spel- og dansarlag og Seljord folkemusikklag.

Arrangementet skulle vore på Rjukan i Tinn 22.–26. juni. Hovudnemnda for Landskappleiken 2021 på Rjukan i Tinn har tatt på seg ansvaret for Landskappleiken 2022.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk skulle ha vore i Vågå 4.–8. august med Vågå Trekkspelklubb som lokal arrangør. Vågå Trekkspelklubb har tatt på seg arrangøransvaret for Landsfestivalen i 2022.

Dommarseminar

FolkOrg arrangerer annakvart år fagseminar for dommarar. I 2021 skulle FolkOrg arrangere dommarseminar i samband med Bygda Dansar sitt 20-årsjubileum på Riksscenen i september. Denne jubileumshelga var eit samarbeid mellom Senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag

og FolkOrg og skulle etter planen vere ei helg med både kurs, seminar, framsyningar og dansefestar. På grunn av smittesituasjonen i september vart jubileumshelga og dommarseminaret flytta til mai 2022.



Folkelarm – Riksscenen, Oslo 25.–28. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygt kring showcase-konsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcase-konsertar hadde vi ei akustisk scene i lavvoen, Folkelarmprisen, og The Folk Music Podcast.

Vi samarbeidde også i 2021 med Laget for Folkemusikk om å arrangere Oslokappleiken samstundes med Folkelarm, noko som syner seg å vere positivt for båe partar. Det var god oppslutning kring Oslokappleiken når det gjeld talet på deltakarar, men det var ein del mindre publikum enn vanleg.

NRK hadde ikkje konseptet Folk:LAB frå Folkelarm i år, men inviterte heller artistar til seg for å lage noko i eigne lokale.

Vi fekk tilskot frå Music Norway til eit internasjonalt delegatprogram. Saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for 20 internasjonale delegatar. Dette er det høgaste talet på internasjonale delegatar vi har hatt på mange år. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Vi hadde besøk av delegatar frå Sverige, Danmark, Tyskland, Estland, Polen, UK, Frankrike, Finland og Noreg.

Publikumsbesøket var lågare enn dei tidlegare åra det er naturleg å samanlikne med. Vi ser likevel at Folkelarm har vorte eit stabilt og godt arrangement som klarer å stå på eigne bein. Dei siste åra har vi lagt litt meir vekt på dansefest i tillegg til det tradisjonelle Folkelarm-programmet med konsertar og seminar. Det at vi ønsker å knyte saman heile folkemusikkmiljøet og gje alle kjensle av å vere

velkomne på Folkelarm, er eit suksesskriterium for framtida.

Folkelarm inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm.

→ Vedlegg: *Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogrammet*

Folkelarm-prisen

For 15. gong vart Folkelarm-prisen delt ut. Folkelarmprisen var eigen post på programmet med høgtidlege talar og musikkinnslag. Statssekretær i Kulturdepartementet Odin A.A. Bohmann skulle eigentleg opne Folkelarm, men då han fekk korona, sende han Åse Kristin Ask Bakke frå familie- og kulturkomiteen på Stortinget. Folkelarmprisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse, i tillegg til prisen for årets folkemusikar. Prisen for årets folkemusikar gjekk til Marja Mortensson. Vi hadde Folkelarmprisen på torsdagen under Folkelarm i år, og det var ikkje færre publikummarar på prisutdelinga av den grunn. Det var gratis inngang på Folkelarm torsdag etter kl 18l.

→ Vedlegg: *Liste over andre vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*

Juryen i 2021 var:

Steinar Ofsdal, Ragnhild Knudsen, Georg Buljo og Ole Nilssen.

INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte. Alle rådgjevarane i FolkOrg har ansvar for å formidle informasjon frå sine arbeidsfelt både internt og eksternt. Informasjonsrådgjevaren arbeider med å utvikle organisasjonsarbeidet generelt og har særleg søkelys på dei arrangementa vi har. Sentralt i meldingsåret har vore arbeidet med nye nettsider for Landskappleiken, Landsfestivalen

i gammaldansmusikk, Folkelarm og FolkArtist. Desse nye nettsidene blir lagde ut til bruk i første halvdel av 2022. Informasjonsrådgjevaren har arbeidd mykje med AdventFolk, den fire episodar lange adventsserien som vi publiserte kvar søndag i advent. Sidan det vart mykje arbeid med programserien AdventFolk, leigde vi inn ekstern hjelp til informasjonsarbeidet kring Folkelarm i 2021.

Folkorg.no

I 2021 hadde folkorg.no 63 182 sidevisingar, og det var 35 855.

Lesarane finn i hovudsak fram til folkorg.no på desse måtane: Om lag 23 prosent kjem til folkorg.no via dei sosiale media våre, og her er det berre nokre få prosent som ikkje kjem frå Facebook-sida vår. Vi nyttar Facebook-sida til FolkOrg aktivt ved å dele saker som er lagde ut på www.folkorg.no, og dette genererer trafikk. 49 prosent går direkte inn på nettsida vår via url-adressa vår. 25 prosent av

brukarane kjem til folkorg.no via søkjemotorar, og dei resterande brukarane finn nettsida vår via andre lenkjer, sider eller kanalar.

Alle nettsidene vi driftar:
www.folkorg.no
www.folkemusikk.no
www.landskappleiken.no
www.landsfestivalen.no
www.folkelarm.no



Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har aktive kontoar på Facebook (4699 følgjarar) og Instagram (1735 følgjarar). Vi har også ein konto på Snapchat som heiter «Folkemusikk Norge». Denne kontoen går på rundgang i landet, og målet er å vise ulike folkemusikk- og folkedansaktivitet rundt omkring. Det er i snitt om lag 550 personar som ser kvar snapp som blir lagd ut, og Snapchat-kontoen vart mykje brukt i 2021. YouTube-kanalen vår har no

477 abonnentar, og vi ser at fleire av opptaka vi har liggjande her, blir sett på nytt og på nytt.

Vi har òg tilsvarende kontoar for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi samarbeider med lokal arrangør om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen.

AdventFolk

I 2021 laga FolkOrg ein adventsserie i fire delar – ei sending kvar søndag i advent som eit digitalt julekort frå FolkOrg til medlemmene våre og andre med interesse for folkemusikk og folkedans. Ideen om ei digital sending kom då Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk nok ein gong måtte avlysast. Målet med sendingane var å lage eit produkt som miljøet kunne samlast rundt, og å syne fram breidda og mangfaldet i folkemusikk- og folkedansmiljøet her i landet, med hovudfokus på grasrota. Vi ønskte òg å syne fram mykje av den gode, lokale aktiviteten som har skjedd gjennom året, trass i ein vanskeleg situasjon med pandemi og tidvis nedstenging og strenge restriksjonar.

Programma vart publiserte på FolkOrg sin YouTube-kanal og på Facebook. Totalt har svært mange sett desse fire programma. Det vart jobba målretta med promotering i sosiale medium i heile november og desember, og alle bidraga til bygdedansstafetten vart delte på Facebook-sida Forum for folkedans, der vi opplevde stort engasjement blant medlemmene.

Innhaldet i sendingane var ein kombinasjon av innsende bidrag frå lokale aktivitetar og studioopptak med tema knytt til jul og advent. Studioopptaka vart gjorde på Vinstra vidaregåande skule saman med landslina for folkemusikk og på Riksscenen i Oslo i samband med Folkelarm. Programma hadde eit variert innhald med mellom anna intervju og samtaler med ulike folk om varierte tema, musikalske innslag, Kjellbjørns adventsnøtter, bygdedansstafett og høgtlesing

av juleforteljingar. Det vart i tillegg delt ut pris til Bærum spelemannslag som årets lokallag, Harald Omnes fekk FolkOrg sin eldsjelpris, og Hilde Bjørkum vart kåra til ny heidersmedlem i FolkOrg.

Landslina for folkemusikk ved Vinstra vidaregåande skule var ein viktig samarbeidspartnar i dette prosjektet. Elevane og lærarane ved landslina bidrog mykje til sendingane med både musikk og intervju, og skulen stilte med lokale til filming. Hovudmålet med å samarbeide med landslina for folkemusikk var å bidra til meir blest og synleggjering av lina. Sidan landslina på Vinstra er den einaste folkemusikklinja i landet på vidaregåande nivå, meiner vi det er viktig at FolkOrg som sentralorganisasjon bidreg til å auke merksemda om dette unike tilbodet for folkemusikkinteressert ungdom. Avdelingsleiar for musikk på Vinstra vidaregåande skule, Vegard Moshagen, hadde òg ansvar for filming og produksjon av sendingane. Moshagen har gjeve attendemelding på at dei var godt nøgde med AdventFolk-prosjektet, og han skriv dette i evalueringa:

Samarbeidet med FolkOrg var knirkefritt, framoverlent, løsningsorientert og profesjonelt. Vi er stolte over at vi fikk delta på et fantastisk flott prosjekt, og der vårt studietilbud sto sentralt, og takker for muligheten og inspirasjonene dette ga våre elever, samt forhåpentligvis motiverte nye unge til å søke seg til landslinja!

Et slikt prosjekt gir også skole, ledelse, lærere og lokalsamfunn ekstra motivasjon og stolthet over å

huse dette svært viktige tilbudet! - Vegard Moshagen, avdelingsleiar musikk, dans og drama, landslina i folkemusikk ved Vinstra vidaregåande skule

FolkOrg er svært takksame for engasjementet og

alle bidraga vi fekk til AdventFolk i form av video og bilete frå folkemusikk- og folkedansmiljøa landet over. Tilbakemeldingane vi har fått på AdventFolk, har vore positive, og vi opplever at vi nådde målsettingane for prosjektet.

FOLKEMUSIKK (MAGASINET)

Det er FolkOrg, organisasjon for folkemusikk og folkedans, som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen, og redaktøren er medlem av Norsk redaktørforening.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste riksdekkande folkemusikk- og folkedansmagasinet i Noreg. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan oktober 2014. Han har kontor i Møllergata 39 i Oslo, der heile FolkOrg-administrasjonen held til. Det redaksjonelle språket er nynorsk, og tekstar i bladet er på begge målformer. 59 prosent av tekstane var i 2021 på nynorsk.

Redaksjonsråd og satsingar

Redaktøren har eit redaksjonsråd som bidreg til det redaksjonelle arbeidet. Sidan 2019 har redaksjonsrådet bestått av Audun Grüner-Hegge, Ragnhild Knudsen, Sigrid Randers-Pehrson og Jostein Aardal. Rådet og redaktøren har hatt fem nettmøte og eitt fysisk møte i 2021.

I 2021 er staben til Folkemusikk vorte utvida. 1. september byrja Johanne Flottorp å arbeide som journalist og redaksjonsmedarbeidar. Så langt har ho bidrege til å gjere folkemusikk.no til ei betre nyheitskjelde for folkemusikken og -dansen. Vi har òg satsa på å rekruttere nye stemmer til magasinet. Heile ti nye namn skreiv for magasinet i 2021, fem menn og fire kvinner fødte mellom 1946 og

1994. Arbeidet med ein ny sesong av Folkemusikks podkast vart òg starta opp. Folkemusikk har dessutan hatt kryssord gjennom heile året, med folkemusikk- og dansetema, sjølvstapt på nynorsk, laga av den røynde kryssordmakaren Einar Søreide.

Distribusjon

Folkemusikk er i all hovudsak eit abonnementsblad. Ved utgangen av 2021 har magasinet 1117 abonnentar. Av abonnentane var 281 registrerte som gratisabonnentar og 666 som medlemmer av FolkOrg. Tekstallmenningen i Bergen har alt laussalet av Folkemusikk og sel òg abonnement, i hovudsak til norske folkebibliotek.

Folkemusikk var i 2021 del av Kulturrådet si støtteordning for tidsskrift og kritikk, og magasinet fekk 653 000 kroner gjennom ordninga.

Økonomi

Driftsinntektene til Folkemusikk var i 2021 på 1,31 millionar kroner utanom tilskot frå FolkOrg. Av desse kom 703 000 kroner frå Kulturrådet, 40 000 kroner frå Fritt Ord, 304 000 kroner frå abonnement og 263 185 kroner eks. mva frå annonsesal. Av desse betalte vi om lag 90 000 kroner i provisjon til annonseseljar. Av annonseinntektene kom 10,8 prosent frå nettsida (opp frå 6,5 i 2020), resten kom frå papirmagasinet.

Det var budsjettert med eit tilskot frå eigar på 496 271 kroner, men på grunn av mindre tilskot enn budsjettert og meirforbruk, primært til lønn og honorar, vart resultatet at FolkOrg bidrog med 1 029 652 kroner.

Eksterne samarbeidspartnarar

Folkemusikk har sidan 2019 samarbeidd med Edda Presse, som sel annonsar på provisjon for Folkemusikk. Søsterselskapet deira, Edda Grafisk, står for formgiving av alle utgåvene av magasinet. Magasinet blir trykt gjennom Polinor AS, som har avtale med trykkeri i Polen og Baltikum. Edda Presse og Polinor ordnar òg med distribusjon til rabattert pris gjennom Bring.

Folkemusikk.no (nettstaden)

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. I 2020 hadde nettsida 59 900 sidevisningar, ein auke på 45 prosent frå året før. Talet på unike brukarar var 36 500, ein auke på 75 prosent.

Andelen av brukarar som går rett inn på folkemusikk.no, og ikkje finn sida via søkemotorar eller lenker i sosiale medium, er nær dobla, frå 25,5 til 45,6 prosent. 34 prosent av brukarane kom frå søkemotorar (ned frå 52 prosent), og 17 prosent frå sosiale medium (om lag uendra).

Stoffet som engasjerer på folkemusikk.no, er ei blanding av nytt og tidlegare publisert stoff. Av dei ti mest lesne artiklane i 2021 er fem publiserte same år, to året før og tre frå tidlegare år.

Dei ti mest besøkte artiklane på folkemusikk.no i 2021 (med publiseringsdato):

1. Frode Haltli: Gravberget – om fortidas spøkelsers innvirkning på Avant Folk i dag (18.3.2021)
2. Om å skrive sangtekster på hedmarksdialekt (frå november 2017)
3. Meldt: Valkyrien Allstars – Slutte og byne (2.12.2020)

4. Meldt: Ronny Kjøsén – Bondebohem (27.3.2020)
5. Siri Dyvik til minne (18.3.2021)
6. Heime hos Larsens: Geir Egil, Einar Olav og Gjermund Larsen (frå juni 2015)
7. Meldt: Østerlide – Østerlide (5.2.2021)
8. Ytring av Barnelaget i Oslo, BLS: Uten barna stopper tradisjonen (13.1.2021)
9. Hans-Hinrich Thedens: Norges eldste folkemusikkopptak (14.5.2021)
10. Espen Tørset: Ti år med Hekla stålstrenga (frå april 2016)

Sosiale medium

Redaktøren oppdaterer òg dei sosiale media til magasinet Folkemusikk når noko blir publisert på folkemusikk.no, og legg ut kunngjeringar og enkelte andre folkemusikk- og dansenyhende. Ved utgangen av 2021 er det drygt 6 300 personar som har lika Facebook-sida til folkemusikk.no. Dei mest populære Facebook-postane til Folkemusikk i 2021 var:

1. Annbjørg Lien har fylt femti år, les Kjell Bitustøyls miniportrett (18.11.2021)
2. Folkemusikk har utvida redaksjonen, les om Johanne Flottorp (23.10.2021)
3. Magasinet folkemusikk søker journalist! (21.05.2021)
4. Tuva Syvertsen mottok Hilmarprisen 2021 (18.11.2021)
5. Les Torkjell Hovlands melding av plata til Aurom (19.10.2021)

FOLKELARM 2021

Folkelarmprisen 2021

Dei nominerte i kvar kategori med vinnaren utheva:

Kategorien SOLO

- Thov G. Wetterhus: Stålslått - Motvind Records
- **Britt Pernille Frøholm: Fokhaugen – Kviven Records**
- Sigrid Stubsveen: En Skulle Levd Før og En Skulle Levd Nå – ta:lik

Kategorien DOKUMENTASJON

- Diverse Artister: Høyre du mann! Langeleikopptak 1955–83 – Norsk folkemusikksamling, NB
- Jon Rosenlid og Samuel Bergset: Historisk slåttespel frå Nordfjord – Aksent
- **Kjellbjørn Karsrud: Soga om spelemannen Ola G. Okshovd – ta:lik**

Kategorien TRADISJONELT SAMSPILL

- Egeland / Marin: Farvel, farvel – Taragot
- Lillebo & Stubsveen: Engerdal – ta:lik
- Nordic Fiddlers Block: Bonfrost - NFB Records
- **Tufskrøkjun: Nordavind – ta:lik**

Kategorien OPEN KLASSE –

- Kim Rysstad: Draumkvedet – GAMA! Records
- Valkyrien Allstars: Slutte og Byne – Heilo
- **Ævestaden: Ingen Mere Gråter – Heilo**
- Kjorstadbrørne: Kjære Min Maur – ta:lik
- Aurom: Utan Å Dirre – Nye Nor

Årets folkemusiker 2021 er: Marja Mortensson

Juryen for Folkelarmprisen 2021 var:

Steinar Ofsdal, Ragnhild Knudsen, Georg Buljo og Ole Nilssen. På grunn av sjukdom vart det berre fire jurymedlemmer i 2021.

Folkelarmartistar 2021

Ævestaden (NO), Stampestuen (NO), Vassvik (NO), Kvedarkvintetten (NO), M eelodi (NO), Synnøve Brøndbo Plassen (NO), Ingeborg Ulberg Sommer (NO), Sivert Holmen (NO), Sigrid Stubsveen (NO), Lillebo & Stubsveen (NO), Jeffrey's Reverie (NO), Al Andaluz (NO), Katarina Barruk (SE), Beata Bermuda (SE), Trio Törn (SE), Floating Sofa Quartet (FI/DK/SE), Pauanne (FI) og Trio Wolski (SE).

Juryen for showcase 2021 var

Sigrid Berg, Vegar Vårdal og Georg Buljo

MOMSKOMPENSASJON 2021

SENTRALLEDD	
FolkOrg	kr 581 735
AKSJESELSKAP	
Valdres folkemusikkarrangement AS	kr 164 434
OMRÅDELAG	
Hedmark Folkemusikklag	kr 15 668
Buskerud Folkemusikklag	kr 18 000
SAFFA	kr 21 822
LOKALLAG	
Austrheim Musikklag	kr 3 204
Byneset spellmannslag	kr 6 476
Bærum Spellemannslag	kr 3 012
Eiker Spellemannslag	kr 5 081
Folke danslaget Sprigar'n	kr 4 386
Furuleiken Spell- og danselag	kr 1 925
Gjøvik spelmannslag	kr 11 626
Glåmos Spellmannslag	kr 3 763
Hornindal Spelemannslag	kr 2 139
Hæsjtægg Hedmark (#Hedmark)	kr 5 862
Indre Sunnfjord Spelemannslag	kr 6 423
Kongsberg Spel og Dansarlag	kr 16 826

Kvemmingen Spel og Dansarlag	kr 4 258
Leikarringen Noreg BUL Drammen	kr 3 985
Lesja Toraderklubb på 2. rad	kr 3 404
Lom Spel og Dansarlag	kr 11 412
Nes Nasjonale Dansarring	kr 2 958
Oppdal Spel og Dansarlag	kr 24 200
Romsdal Spelemannslag	kr 5 239
Seljord folkemusikklag	kr 4 357
Setesdal spelemannslag	kr 35 719
Skjåk Spel- og Dansarlag	kr 5 437
Småjondølen's Danserlag	kr 4 325
Spelemannslaget De Frilynde	kr 4 182
Spelemannslaget Vårlengt	kr 2 360
Spellmannslaget Leik, Hamar	kr 3 564
Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr 3 541
Toraderjutuland	kr 1 425
Trysil-Knut Dans og Spelmannslag	kr 6 238
Unge Folkemusikere i Oslo	kr 8 442
Voss Spelemannslag	kr 9 799
Vågå Spel- og dansarlag	kr 23 225
Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	kr 5 414

FRIFOND ORGANISASJON 2021

Namn	Fordeling 2021		
	Driftsmidler	Prosjektmidler	Totalt
Byneset spellmannslag	kr 9 279	kr 4 000	kr 13 279
Gaular Spelemannslag	kr 34 023	kr -	kr 34 023
Hallingdal Låtelag	kr 3 093	kr -	kr 3 093
Hardanger Spelemannslag	kr 22 682	kr 13 000	kr 35 683
Hornindal spelemannslag	kr 7 217	kr 13 000	kr 20 217
Hæsjtægg Hedmark	kr 5 155	kr 13 000	kr 18 155
Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr 31 961	kr 12 000	kr 43 961
Lom Spel- og dansarlag	kr 35 054	kr 10 000	kr 45 054
Nes Nasjonale Dansarring	kr 14 434	kr 12 000	kr 26 434
Numedal spel- og dansarlag	kr 24 744	kr 8 000	kr 32 744
Oppdal spell- og dansarlag	kr 3 093	kr 12 000	kr 15 093
Seljord folkemusikklag	kr 16 496	kr -	kr 16 496
Småjondølenes dansarlag	kr 26 806	kr 14 000	kr 40 806
Spelemannslaget Fjelljom	kr 32 992	kr 10 000	kr 42 992
Trysil-Knut dans- og spelmannslag	kr 9 279	kr 14 000	kr 23 279
Unge folkemusikere i Oslo	kr 20 620	kr 10 000	kr 30 620
Vindfylla spelemannslag	kr 15 465	kr 9 000	kr 24 465
Østerdølenes spellmannslag	kr 15 465	kr 9 000	kr 24 465
Øystre Slidre spel- og dansarlag	kr 26 806	kr -	kr 16 806
Ål spel- og dansarlag	kr 21 651	kr 14 000	kr 35 651
Sum	kr 366 005	kr 183 000	kr 549 005

AKTIVITETSTILSKOT 2021

Namn på søkjar	Sum
Britt Elise Skram	kr 12 500
Buskerud Folkemusikklag	kr 25 000
Else Myhr	kr 5 000
Elverum Danselag	kr 6 000
Etnisk Musikkklubb	kr 20 000
Flatlusa spelemannslag	kr 3 000
Gransherad spel- og dansarlag	kr 22 000
Gudbrandsdal folkemusikklag	kr 10 000
Gunnlaug Lien Myhr	kr 6 500
Ingvild Kleiveland Vevle	kr 3 000
Knut Lilleeggen	kr 1 500
Marianne Tomasgård	kr 10 000
Møre og Romsdal Folkemusikklag	kr 7 000
Nord-Østerdal Spellmannslag	kr 10 000
Hornindal Spelemannslag	kr 11 000
Oppdal spell- og dansarlag	kr 9 000
Oslofolk – LFF	kr 22 000
Osterøy spel- og dansarlag	kr 4 000
SAFFA	kr 4 000
Seljord folkemusikklag	kr 34 000
Sigrid Randers-Pehrson	kr 11 500
Svein Garmo	kr 7 000
Sørlandet splm, Spml. Bordun	kr 13 000
Trine Sennerud Melby	kr 15 000
Trysil Knut dans- og spelmannslag	kr 18 000
Voss Spelemannslag	kr 10 000
Totalsum	kr 300 000

REKRUTTERINGSSTØNAD 2021

Namn på søkjar	Sum
Elverum Danselag	kr 5 000
Folkemusikkarkivet i Rogaland	kr 9 000
Gransherad spel og dansarlag	kr 8 000
Heme dine	kr 7 000
Hugnad UL	kr 12 000
Mukampen spel- og dansarlag	kr 10 000
Nes Nasjonale Dansarring	kr 5 000
Oppdal spell- og dansarlag	kr 6 000
Seljord Folkemusikklag	kr 5 000
Telemark Folkemusikklag	kr 10 000
Trysil Knut dans og spellmanslag	kr 13 000
Vågå spel- og dansarlag	kr 10 000
Totalsum	kr 100 000

FOLKORG-PRISAR 2021

Årets lokallag:
Bærum Spellemannslag

Årets eldsjel:
Harald Omnes

Årets folkemusikkarrangør:
Heme dine

ÅRSMØTE – OMRÅDELAG - 2021

Områdelag	Dato	Stad	Representant frå FolkOrg
Buskerud Folkemusikklag	25. apr	Digitalt	Solfrid G
Gudbrandsdal Folkemusikklag	14. mar	Digitalt	Hilde Reitan
Hedmark Folkemusikklag	20. mar	Digitalt	Hilde Reitan
Hordaland Folkemusikklag	11. apr	Digitalt	Solfrid G
Møre og Romsdal Folkemusikklag	23. mar	Digitalt	Silje Solberg
SAFFA	03. mar		<i>Ingen</i>
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	11. apr		<i>Ingen</i>
Telemark Folkemusikklag	01. sep	Fysisk	Kristian Ihle Hanto
Trøndelag Folkemusikklag	12. jun	Digitalt	Liv Annette Nygjerdet
Valdres Folkemusikklag	07. apr	Digitalt	Silje Solberg

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2021 var den 80. årgangen til magasinet. Det vart gjeve ut fire nummer av magasinet med eit snitt på 97 sider (eitt på 84, to på 100 og eitt på 104 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2021

Alle blada hadde leiarartikkel (av redaktøren), fast kommentar (av Audun Grüner-Hegge), nyheitsseksjon og kryssord. Eitt nummer inneheldt to skjønnlitterære prosatekstar. To nummer inneheldt rundspørjing («enquete») og to nummer inneheldt språkspalte («ord frå folkemusikken og folkedansen»).

Portrett og intervju:

1/21: Elizabeth Svarstad, Kjell Midtgaard, Jakop Janssønn og Kajsa Balto
2/21: Erlend Apneseth, Jan Lothe Eriksen
4/21: Sinikka Langeland, Øyonn Groven Myhren & SISU

Reportasjar:

1/21: ny sjef for Hilme-stemnet, LK og LF avlyst, MeToo, Harald Haug-CD, ei felerestaurering
2/21: Craftmanship-prosjektet, Fel-Jakup-jubileum
3/21: Kartellet, Då tango møtte korona, pardans etter koronaen
4/21: Kongsdøttane, folkemusikkpøbb i Oslo, Jutullaget, Klezmermusikk, joik som terapi og protest, Kultur-Noreg sett frå Bø, Kåsas hardingkvartett

Spelemannsbiografiar og minneord:

2/21: Hauk Buen, Siri Dyvik, Jan Petter Blom

Fagtekstar, fagintervju, essay o.l.:

1/21: feler med resonansstrenger, to MeToo-novellar, Keltisk folkemusikk del 1
2/21: ny langeleikbok, Annbjørg Lien, Hardingfela.no, stevet som litteratur, rundspørjing: Covid i verda, Keltisk folkemusikk del 2, Noregs eldste folkemusikkopptak
3/21: Barndomsfela mi, forskning på kappleik, halling som krigsdans
4/21: tre om rekruttering, voksrullopptak med folkemusikk, ringleikar på Røros, Blåmann Blåmann, rundspørjing: politikarar i folkemusikken

Meldingar i blad:

1/21: Ole Hendricks' Tunebook & CD, boka Folkesong i Numedal, Kviven Duo, Hans og Rasmus Kjørstad, Vårdal & Andersson, Valkyrien Allstars, Britt P. Frøholm, Aslak Brimi, Per Å. Omholt, Sigrid Stubbsveen, Østerlide, Anette Thorsheim
2/21: Burns på dialekt, tre feleplater, Erlend Apneseth Trio, Ale Möller Band, Trio Alde, Sinikka Langeland, Aslak Brimi kvartett, Kjellbjørn Karsrud, Sverre Jensen
3/21: Hilme-stemnet, Førdefestivalen, Frode Haltli, Fel-Jakup, Langeleikopptak, Sigrid Moldestad, Ragnhild Hemsing, Thov Wetterhus, Summers & Silvola, Tradmunnsspill, Ævestaden, folkemusikk frå Flandern, England og Danmark
4/21: Frid i skogen den grønne, Skattekista på Schous, Rosenlid & Bergset, Tufskrøkjun, Lillebo & Stubbsveen, Aurom, Buen & Svendsrud, Groven Myhren & SISU

Bidragstatarar i Folkemusikk

Bidrag i fire nummer: Audun Stokke Hole (leiarartikkel), Einar Søreide (kryssord), Bjørn Aksdal, Kjell Bitustøyl, Kjetil Bjørgan

Bidrag i tre nummer: Audun Grüner-Hegge (spaltist), Ketil Sandviken, Ida Habbestad, Marianne Lystrup, Gunhild Nyaas, Torkjell Hovland

Bidrag i to nummer: Aud Søyland (språkspalte), Ånon Egeland, Gudrun & Halldis Folkedal, Ingunn Stræte, Sigrid Randers-Pehrson, Marte Østmoe

I tillegg har 28 personar bidrege med tekst til eitt nummer i 2021. Totalt har 45 personar bidrege med tekst i 2021 i tillegg til redaktøren. Kvinneandelen er 47 %, opp frå 38 % i 2020.

Fotografar i tre eller fire nummer: Ketil Sandviken, Runhild Heggem, Ingri Valen Egeland, Knut Åserud, Kjell Bitustøyl, Knut Utler.

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Fotograf i to nummer: Thor Hauknes, Marte Østmoe, Ingerid Jordal, Marianne Lystrup, Ingvil Skeie Ljones

Totalt har 76 personar og 23 institusjonar (museum, arkiv, aviser, medlemsorganisasjonar o.a.) bidrege med fotografi til Folkemusikk i 2021. I tillegg er det jamleg nytta fotografi frå Spelemannsbladets fotoarkiv, Wikimedia og ulike private fotosamlingar.

Illustratør: Øivind Torseter laga originale illustrasjonar til éin artikkel. Alle blada inneheldt i tillegg eldre illustrasjonar.

Folkemusikk.no

På nettsida vart det i 2021 publisert 102 enkeltsaker, opp frå 46 året før. Av sakene var 49 meldingar (av totalt 46 plater, fire sceneframsyningar og ni bøker), seks meiningsytringar, 34 nyhendesaker og reportasjar, seks essay, to minneord og fire infosaker om nysleppte Folkemusikk-magasin.



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Linda Dyrnes

Daglig leder

Serienummer: 9578-5995-4-65426

IP: 84.215.xxx.xxx

2022-03-21 09:59:46 UTC



Hilde Marianne Reitan

Styreleder

Serienummer: 9578-5999-4-1614542

IP: 82.147.xxx.xxx

2022-03-21 10:18:13 UTC



Torfinn Hofstad

Styremedlem

Serienummer: 9578-5997-4-2756713

IP: 178.164.xxx.xxx

2022-03-21 10:22:07 UTC



Kristian Ihle Hanto

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-55418

IP: 128.39.xxx.xxx

2022-03-21 12:19:33 UTC



Thomas Nilssen

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1538920

IP: 82.147.xxx.xxx

2022-03-21 12:20:49 UTC



Camilla Granlien

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-1425720

IP: 81.166.xxx.xxx

2022-03-21 13:58:53 UTC



Tormod Kleiveland

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2283269

IP: 85.165.xxx.xxx

2022-03-21 21:42:37 UTC



Kjellbjørn Karsrud

Styremedlem

Serienummer: 9578-5999-4-1221135

IP: 46.46.xxx.xxx

2022-03-21 21:45:19 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: ME0P1-A5IVP-4YMBE-0BFXL-DCX7N-11D00

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>